



LINDÅS KOMMUNE

framtidsetta - inkluderande - kvalitetsbevisst - tenestevillig

INFORMASJON OM BUSTØTTE

Bustøtte er ei statleg økonomisk støtteordning for dei som har høge buutgifter og låg inntekt.

Kven kan søkje om bustøtte?

Alle over 18 år kan søkje om bustøtte, med unntak av studentar utan barn og personar i førstegongsteneste. Desse har egne ordningar.

Bustaden du søker bustøtte for, må vera godkjent heilårsbustad. Du kan søkje bustøtte for buutgifter enten leiger eller eig bustaden. Ver merksam på at du må vere registrert som bustøtte i folkerregistret i den bustaden du søker støtte til. Størrelsen på bustøtta er avhengig av buutgifter og inntekta til husstanden.

Søknad og fristar.

Søknadsfristen er den 14. i kvar månad, og utbetaling er ca. 10. i månaden etter.

Bustøtteskjema finn du på Lindås kommune si heimeside, lindas.kommune.no, eller i ekspe- disjonen på rådhuset. Du når oss på telefon: 56375000.

Søknaden med dokumentasjon kan sendast til: Lindås kommune, v/ Bestillarkontoret.

Du finn meir informasjon om bustøtte på Husbanken sine nettsider, husbanken.no. Der kan du også laste ned søknadsskjema.



FORLENGA MELLOMBELS FOR- BOD MOT TILTAK – OMRÅDEPLAN FOR KNARVIK SENTRUM

Plan- og miljøutvalet vedtok i sak 33/15 å forlenga det mellombelse forbodet mot tiltak innanfor plangrensa til områdeplan Knarvik sentrum (jf. sak 132/10 og sak 48/14). Forbodet gjeld til planen er vedteken av kommunestyret, seinast 18. juni 2015. Heimel for vedtaket er kapittel 13 i plan- og bygningslova. Partar eller andre med rettsleg klageinteresse kan klaga på vedtaket, jf. forvaltningslova §29. Plandokumentata er å finne på braplan under planid. 1263-200102 (<http://braplan.geoweb.no/braplan/>) Rådmannen

KUNNGJERING GODKJENT REGULERINGSPLAN FOR BRUVOLL CAMPING

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, vert det kunngjort at kommunestyret i møte den 19.02.2015, sak 009/15, godkjente reguleringsplan for Bruvoll camping, gbnr 55/1 og 35 mfl.

I samband med vidare tilrettelegging og opprusting av campingplassen, er det utarbeidd ein reguleringsplan for å fange opp avviket i høve kommuneplanen. Eksisterande bustader er omfatta av planen. Plandokumen- ta er retta opp i høve merknader frå regionale mynde ved offentleg ettersyn.

Reguleringsplanen ligg til gjennomsyn frå 25.03.2015 til 15.04.2015 i ekspedisjonen på Lindås rådhus. Planen vil også verte å finne i kommunen sitt planregister, braPLAN, www.geoweb.no/braplan. I braPLAN, søk på plan-id 1263-201308, dokumenter.

Planskiidring, illustrasjonar og andre rapportar vert ikkje sendt ut i papirformat, men er å finne på braPLAN.



KUNNGJERING GODKJENT REGULERINGSPLAN FOR BREIMYRA, ALVERFLATEN.

I medhald av plan- og bygningslova §12-12, vert det kunngjort at kommunestyret i møte den 19.02.2015, sak 008/15, godkjente reguleringsplan for Breimyra, Alverflaten gbnr.137/109 og 144 mfl.

Planen omregulerer eit område med to einestader til konsentrert bustader fordelt på to til tre bustadblokker med totalt 28 einingar. Det er sett rekkefølgekrav om opparbeiding av fortau før igangsetting. Plandokumentata er retta opp i høve merknader frå regionale mynde ved offentleg ettersyn.

Reguleringsplanen ligg til gjennomsyn frå 25.03.2015 til 15.04.2015 i ekspedisjonen på Lindås rådhus. Planen vil også verte å finne i kommunen sitt planregister, braPLAN, www.geoweb.no/braplan. I braPLAN, søk på plan-id 1263-201207, dokumenter.

Planskiidring, illustrasjonar og andre rapportar vert ikkje sendt ut i papirformat, men er å finne på braPLAN.

OM KLAGE OG VERKNAD AV PLAN

Vedtaka om eigengodkjenning kan påklagast av den som er part eller har rettsleg klageinteresse, jf plan- og bygningslova § 12-12, 3. ledd. Klagefristen er etter forvaltningslova § 29, 3 veker frå denne kunngjeringa. Eventuell klage bør grunn- gjøvast og skal stilaast til Fylkesmannen i Hordaland og sendast til:

Lindås kommune, plan- og miljøutvalet, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ, eller til postmottak@lindas.kommune.no innan 15.04.2015.

Reguleringsplanane fastset framtidig bruk i

området, og er bindande for nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak, jmfør plan- og bygningslova § 12-4. Det vert også vist til plan- og bygningslova § 15-2 og § 15-3, krav om innløyising og erstatning for tap ved reguleringsplan.

BLI MED PÅ BALANSE- OG STRYKETRENING I LINDÅS- HALLEN

Vi startar opp igjen med nye grupper i Lindåshallen etter påske.

- Tilbodet er for heimebuande eldre som
- opplever problem med balansen
 - er redd for å falle eller har falt tidlegare
 - Er motivert for å trene styrke og balanse

Treningsperioden er på 8 veker med trening ein gong pr veke. Treninga vert leia av fysioterapeut og er gratis.

Du må kunne kome deg til og frå trening- slokale på eige hand. Drosje kan rekvirerast ved behov.

Tiltaket byggjer på kunnskap om at trening av styrke og balanse betrar funksjonsevna til eldre.

Alle deltakarane vil få tilbod om heimebesøk av ergoterapeut for råd , vegleiing og tilrette- legging av bustad.

Tenkjer du at dette er noko for deg, kan du få nærare informasjon ved å kontakte: Kommunefysioterapeut Susanne Villanger Rolland tlf 40912685 epost: susanne.villanger.rolland@lindas.kommune.no ansvarleg for treningsgruppe Lindåshallen.

KULTURPRIS 2015

Både einskildpersonar, lag/foreiningar og institusjonar har høve til å koma med forslag på aktuelle kandidat til **KULTURPRIS 2015**. Forslag på kandidat med grunningving sendes til Lindås kommune, Eining for kultur og aktivitet, Postmottak, 5914 Isdalstø eller e-post postmottak@lindas.kommune.no innan **15. november 2015**.



KULTURSKULEN:

Lindås Kulturskule har sitt hovudkontor like overfor Lindås Rådhus ved Knarvik Ungdomskule.

PÅMELDING: for HAUSTSEMESTERET

FRIST 1 APRIL

- Meld deg på no – alle fag-
- LEDIGE plassar på DANS om Onsdagar i Knarvik (LOAS)

Elektronisk innmelding i Kulturskulen
Alle påmeldingar må gjerast på det elek- troniske påmeldingsskjemaet som du finn på kommunen sin heimeside under Lindås Kulturskule eller du går inn på internett – og søker <https://nolindas.speedadmin.dk/Public/ElevOpprettelse.aspx>